

Røyksignaler

Medlemside for Norsk Indian Klubb



Davenport 2011

en markedstur til USA

Gunnar Vadset

Davenport, for meg som liker å restaurere og å køyre med dei skikkeleg gamle veteransyklane , dei som var med å sette gamle Norge på hjul, så har markedet i Davenport i den amerikanske staten Iowa alltid stått som ein draum .

Sjølv om Norge har mange store og små marknader rundt om kring i landet, som blir arangsjert av veteran klubber og entusiastiske enkeltpersoner, så kan det ikkje stikkast under ein stol at etter kvart som tida går og stadig ”nyere” ting blir gamle og får veteran status, så blir dei fleste markeda oppfylt av disse produkta og for dei som leiter etter deler til sitt kjøretøy frå tidenes morgen, blir internett løysinga for dei fleste.

Heldigvis var der fleire personer i dette heller ”smale miljøet” som driv med kombinasjonen steingammal OG amerikansk motorsykkel her på nordvestlandet som hadde

gått og hatt lyst på ein tur til Davenport, så når dagen for bestilling av billetter kom , var vi tre stykker som skulle på tur til U.S.A.

Disse tre er Kurt Dale frå Elnesvågen utanfor Molde, storsamlar av alt som er moro med Indian , Harley, Henderson og Thor sykler i garasja. Jan Ove Flovikholm fra Nesjestranda, heller ikkje så langt i frå Molde, Jan Ove er meir stabil når det gjeld motorsykkel merke og held seg til Indian frå 10 og tjuetalet men til gjengjeld har han mange, samt eitpar Oakland biler frå 20 talet.Så var det meg sjølv då, Gunnar Vadset fra Vestrefjorden i



Disse tilsynelatande standard PowerPlus racing syklane vart klokka til 125 kmh på langsiden på banen når dei kjørde løp om kvelden på Davenport.

Haram komune (sunnmøring), meldte meg inn i NVMC i 1990, etter å ha restaurert ein AJS 500 kubikker frå 1946 og deltatt på mitt første motorsykkeltreff

VÅRSKJELVEN i jordbærbygda Valldal på Sunnmøre. Synst at AJS'n mangla litt av den historiske auraen eg var ute etter så eg gjekk over til Harley, Indian og liknande sykler frå 10 og tjuetalet med ein ekstra forkjærlegheit for Excelsior sykkellane som eg har restaurert fleire stykker av opp gjennom åra.

Billetter til reisa vart bestilt med SAS, Molde Norge

– O Hare Chicago tur retur for under 6000 nok. Oss fikk lov til å henge oss på nokre av våre svenske venner som har gjort det til ei rein rutine å reise til USA på marked, så Hotell og leigebil vart bestilt på deira anvisning slik at vi kunne reise saman med dei og dra nytte av deira erfaringer. Kan vere greit når 3 gutta frå landelege omgivelser skal ut i den store verda. Så kom den store dagen, ESTA klarering var i orden (midlertidig oppholdstilattelse i USA for turister, ordnast på nettet minst tre dagar før avreise). Dette er viktig!! Du kan risikere å bli med flyet tilbake vis dette ikkje er i orden. Elektronisk lesbart pass samt US dollars på lomma og so



Dei tre karane på tur, frå venstre: Kurt, Gunnar, Jan Ove. Sykkelen er ein Reading Standard fra 1908.



slo til igjen. So drog vi avstad mot Iowa og Davenport tre biler med normenn og svensker. På AVIS hadde vi blitt anbefalt å betale litt ekstra for ei bompunge brikke i bilen som gjorde at vi slapp å stoppe for å betale langs vege . Litt lange i trynet over å få vite at bilens heimland faktisk har ein del bomveger så aksepterte vi dette, og det gjorde at vi kunne le råt til ein av dei svenske bilane som ikkje hadde dette systemet som då måtte svinga av motorvegen både titt og ofte for å betale avgift mens vi kunne suse rett fram. Att brikka i bilen måtte aktiverast med å dra eit plastlokk til siden fant oss ikkje ut før vi kom tilbake til flyplassen etter 10 dager, så det vart ei lita ekstra rekning når bilen

flaug vi bokstaveleg avstad.

Turen gjekk om Arlanda i Sverige der vi møtte vore svenske venner og så var det rett til Chicago. Flyturen gjekk greit men en blir litt "støl" av flysetet etter 8-9 timer, minner litt om å kjøyre 35 mil nonstopp på Indian Poverplus. På O Hare var det berre å finne bagasjen , utruglig kor mange og store koffertar svenskane hadde med seg på tur, endå dei ikkje hadde med seg kvinnfolk, nåja dei om det. Utanfor terminalen var det berre å vente på ein buss som det skulle stå AVIS på, og når den kom vart vi kjørt til AVIS sitt bilutleige kontor. Heimanfrå hadde vi bestilt ein chevrolet impala or simular , e oss i amerika so e oss i amerika, men simular er vist ein amerikansk sjargong for TOYOTA CAMRY!! , men bilen var grei nok den men litt trang for tre karer med kvar sin stor koffert.

Svenskane hadde leigd store varebil type biler med plass til alle koffertane samt folket uten problem, erfaringa

vart tilbakelevert. Heldigvis er det små summer på slike bomveger i USA, samanligna med Norge.

Davenport var varmt, frykteleg varmt 34 til 38 grader celsius gjorde at sjølv dei innfødte klaga over varmen, men heldigvis var hotellet av god standar med effektiv aircondition, og når vi var utandørs var det luftig stråhatt, solkrem og ryggsekken fylt av vannflasker som gjalt.

Markedet var var utruglig bra, ikkje så veldig stort, kanskje litt større en Ekebergmarkedet hvis du fyller det heilt, men varene dei hadde for salg, HEILT UTRULEG, kun deler til motorsykkel og mykje av delane var til sikkeleg gammal motorsykkel, Noko var nyproduserte deler, veldig mykje var gamle orginale deler og noko var NOS ,det vil seie nye orginale deler som var produserte for ganskje 80, 90 eller 100 år siden men som fortsatt hadde til gode å bli montert på ein motorsykkel.



Karane klare for tur, frå venstre: Jan Ove, Kurt, Gunnar, Tom, Sam. Øverst tv: Urensa gull.



Ingen problem å finne seg eit spennande prosjekt på Davenport.

Prisane var ikkje akkurat billig, men berre det at delane fanst gjorde at dollarane flaug fort avgarde, og etterkvart som vann beholdninga i ryggsekken minka vaks der med deler istaden. Mine erfaringer er at amerikanerane er eit veldig triveleg og lett omgjengeleg folkeferd, og berre det å få møte og prate med folk som du har hatt kontakt med over internett og nattlege telefonsamtaler “over there” i forbindelse med hobbyen er kjekt. På ryggsekken min er der brodert eit lite norsk flagg, og det var fleire som pikka meg på skuldra, peika på flagget og kondulerte meg med 22 juli før dei vandra vidare.

Ein av disse omgjengelege amerikanerane som sat i skuggen av sin enorme varehenger og tilhøyrande Lincoln picup og selde nos og gamle orginaldeler for det meste til indian, var så imponert over at vi kom heilt i fra Norge til tjukkaste midtvesten for å handle deler at han begynte å intervju oss, det viste seg at Jan Ove hadde handla Indian deler med denne karen som for øvrig heitte Tom på Ebay, og dette opna ei ny dør for oss.

Vi hadde i utgangspunktet tenkt å reise nordover til Minnesota og kanskje Sør Dakota etter markedet i Davenport, svenskane skulle flyge heim på mandag etter markedet, medan vi normennene ikkje skulle reise før på torsdag, så vi hadde nokre dager disponibelt til å feriere. Tom fortalte at han måtte vere i New York på torsdag

og i og med at det no var berre laurdag så tilbydde han seg å guide oss gjennom litt av det som han kalla usa`s mest spektakulære tur veg for motorsykkel. Ein kjenning av han dreiv utleige av sykkler rett nede i vegen der han bor. Kor han bodde? Maggie Valley i North Carolina, 920 kilometer frå Davenport, oi det blir ein bra biltur tenkte vi. Men sei meg Maggie Valley, er ikkje det der ett av USA`s største motorsykkel museum ligg?? The Wheels tru time museum? Jovist kan Tom fortelje, museumet er min nærmaste nabo og ei av mine dottre arbeider i museumet og ei anna dotter er kjæraste med Matt Walksler som er museums eigarens son.

Dette avgjorde heile greia, eg veit ikkje kor mange gonger eg har vore på Youtube og sett når Dale Walksler frå Wheels tru time museum har starta opp sin 1912 Excelsior. Eg har ein slik sykkel sjølv som eg restaurerte for nokre år sidan og når arbeidet gjekk treigt så var det inn på nettet for å sjå, einplass må inspirasjonen hentast ifrå. På hotellet vart det avsked med våre svenske venner som skulle heim, og no forstod vi mystikken med dei store koffertane til svenskane. Svenskane er proffesjonelle, inni dei store koffertane var der tre eller fire mindre koffertar, og midt inni var der ei toalett veske. Alle koffertane vart pakka på 23 kg med hjelp av ei elektronisk vekt som dei hadde med seg. SAS godtar 23 kg som maks vekt pr koffert. Den vesle vekta fikk vi normennene låne med oss vidare slik at vi kunne bruke den når vi skulle pakke på torsdag.

Søndag var det by by til svenskene for denne gang og full fart bort på markedsområdet for å møte Tom og dei andre som vi skulle følge til North Carolina. Vi rakk ei runde til på markedet før vi reiste avgarde, for Tom måtte pakke sammen standen sin, mange hadde reist så det var glesent mellom rekkene, men no var delene som var att billege, gullet var vekk , men er du så heldig å ha ein Evolution softtail i garasjen så fekk du nesten kasta deler etter deg, så det blei handla eindel meir før vi la iverg mot North Carolina med 3 biler. Først Matt Walksler og Toms datter I ein Pontiac , så Tom og stesonen hans som heiter Sam i Lincoln picupen med ein kjempestor henger på og så vi normennene i vår Toyota .

På veg nedover var vi innom 7 stater , Iowa , Illinois, Indiana, Ohio, Kentucky, Tennessee og North Carolina, turen gjekk heilt fint og for meg som har vore intrisert i og dreve med amerikanske biler sidan før eg var gammal nokk til å ta sertifikat, blir det litt gåsehud i nakken når vi kjører forbi skilt som lyder ”Indianapolis motorspeed way next exit” eller for musikk når vi suser forbi skiltet som viser veg til Bluegrass i Kentucky. Apropos musikk,

skal du sjekke ut alt som ligg i hyller og disker og skap så treng du fleire dager.

Bak museumet var der eit restaurerings verksted der “innhouse” restaurering foregjeikk samt reprasjoner og service på museumets sykler. Sjefen sjølv Dale Walksler var fortsatt i Iowa så vi fikk utdelt ein eldre herremann som arbeidet frivillig på museumet til guide men etter ei stund trur eg at han ga opp heile greia og gjekk og tok seg ein kaffi då det snart viste seg at vi tre normennene langt overgikk hans kunnskap om emnet, men fyren var grei nok han og fant seg sikkert nokre andre turister å imponere. Tirsdag var været knallbra så vi tre samt Tom og stesonen Sam reiste ned til den lokale Mc utleigeren og tok ut tre Harleyer av årets modell.

Med alt av ekstra forsikring som kunne oppdrivast kom døgnprisen på ca 900 NOK så det var det ingen ting å seie på, Tom og Sam hadde sine egne sykler klar så då reiste vi på tur. I det søraustlige USA ligg der ei fjellkjede som heiter Appalachene, denne fjellkjeda gjeng gjennom statene Virginia, North og South Carolina heilt ned til



Alabama, Maggie Valley ligg midt i denne naturperla som i gamle dager tilhørde Cherokee indianerene, no må dei greie seg med eit reservat, men når vi stoppa for ein matbit eller ei severdig heit i ein av dei mange byer og tettstader som vi var innom var det lett å sjå på eksempelvis deler av betjeningen at dei hadde indianer blod i seg.

Det som blir mest spesielt for ein sunnmøring som er ganske vant med fjell , er at alle vegane ligg opp på ryggen av fjellet mens bebyggelsen ligg nede i dalen, vi kjørte mykje på ein veg som kallast

Tom skaffa musikk til kjøyreturen ,då det viser seg at han er musikker og han har gitt ut fleire plater som han rundhånda signerte og delte ut . Då vi kom til Maggie Valley hadde det begynt å regne ,så mandagen brukte vi å sjekke ut museumet, dei reklamerer med at 90% av dei utstilte sykklane er i kjøyrbar stand, men det må vel takast med ei klype salt, men museumet var enormt, man treng minst ein dag sjå gjennom det som står fremst, og

“The blue ridge parkway som går innom fleire stater, og meininga var at vi skulle kjøyre ein veg som kallast “ The tail of the dragon, dette er ei stigning på 11 miles med 311 svinger og ein høgdeforskjell på 1000 meter, men der oppe var skodde, så Tom og Sam anbefalte at oss snudde og tok ein annan veg .

Ein må vel ha noko til gode til ein annan gong også. Eit

Over: Indian OHV hillclimber på Wheels through time museum.

tips er å sjekke ut The tail of the dragon at deals cap på youtube. Om kvelden var det skikkeleg spareribbs aften på eit lokalt steakhouse og deretter rett i seng.



Dagen etter var det meir sykkelkjøring til langt ut på ettermiddagen heilt til sykkellane måtte leverast tilbake og vi måtte ta avskjed med våre nye venner i Maggie Valley og begynte på den lange turen tilbake til Chicago for å rekke flyet på Torsdag tilbake til Gamlelandet. Turen tilbake gjekk heilt fint, vi overnatta på ein plass som heiter Lebanon i staten Indiana og kjørte siste biten inn til O Hare flyplassen på Torsdags morgen med god tid til å rekke flyet. Etter att Toyotaen var inn levert og all bagasje og lausbunad var spreidd utover golvet i Avis's garage var det på tide med litt presisjons pakking etter svensk modell.

Etter att unge her Dale hadde kjøpt nye felger til en av sykkellane sine fant vi ut at vi måtte kjøpe ein koffert til,

og etter å ha tråla Sears og ValMart med målebånd fant vi ein som felgane gjekk so vidt nedi. Vi tenkte at det som vi hadde i ryggsekkane våre også kunne gå nedi denne kofferten slik at vi slapp noko særleg handbagasje på flyet. Problemet var berre at når dei vanlege koffertane våre var pakka på 23 kg sharp, husk vi hadde elektronisk vekt må vete, så var felles kofferten 42 kg!?!?. Ompakking måtte til, en del handbagasje på kvar gjorde at kofferten vart litt under 23kg.

Innsjekking og sikkerheitskontroll neste. Innsjekking gjekk greit, sikkerheitskontrollen vart litt meir styr då det dukka opp forskjellige rare bilder av uidentifiserbare objekter på skjermen til dei som skanna handbagasjen vår, med det resultat at alle tre måtte pakke ut og forklare kva dei forskjellige tinga var for noko.

Tenk å bo i Chicago å ikkje kjenne igjen ei kick stopp fjør til ein 1917 til 1919 Excelsior endå sykkelen var laga i byen. What bike is these parts made for? Hørde eg ei morsk stemme sa, og lokaliserte ein eldre kvinneleg toller som mest truleg et sånne som oss normenn til frokost kvar dag. Indian hørde eg kom frå herr Dale. Lucky for you, sa dama, if this had bin parts for an Yamaha, i would never had axepted this heavy item in the hand luggage. Men Yamaha har ikkje nokon av oss og dermed slapp oss igjennom sikkerheitskontrollen på O Hare USA's nest travlaste flyplass uten problem.

Turen heim gjekk like fint som turen til USA og det blir heilt sikkert fleire turer til Davenport og ikkje minst til Maggie Valley og besøke Tom og Sam og dei andre samt To ride the Blue ridge again.

Gunnar Vadset.



Øverst: Indian four på Wheels Though Time Museum.
Nederst: Riding the Blue Ridge Parkway.